



Morten Kolås  
Kolåsvegen 132  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1734 - 17/31074

Saksbehandlar:  
Eli Bjørklid  
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:  
30.10.2017

## Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 107/1 Kolås. Avslag.

### Dokument:

Søknad om tilskot, kostnadsoverslag og kart.

### Søknaden:

Det vert søkt om tilskot til tilrettelegging for turister/turfolk i samband med tursti til Kolåsfjellet/toppen. Tiltaket går ut på å rydde beite i utmark for å opne opp landskapet. Samstundes vil ein legge til rette sti og kvileplassar.

Tiltaket må sjåast saman med eit stort arbeid som er gjort i området for at tilreisande og dei som bur i tettstaden Lindås/Kolås bustadområde, skal få tilgjenge til marka og gode turløyper.

Naboen har i samband med dette søkt om midlar til restaurere eldre uthus langs løypene.

Det er levert oversyn over kva innsats som trengst i tiltaket, men ikkje rekna ut kva tiltaket vil koste. Tiltaket er heller ikkje avgrensa i marka. Samstundes skriv søker: «Fikk også tilskudd av dere som eg ikkje har starta på enno».

### Vurdering:

Sakahandsamar har vore på synfaring saman med eigarane både av 107/5 (sette i stand gamle bygg) og av 107/1 (denne søknaden). Det er ingen tvil om at det har vorte gjort eit stort arbeid med rydding og tilrettelegging. Dette er særst positivt for bygdene rundt og tettstaden Lindås.

Terrenget der ein no vil utvide arbeidet er utmark/skog.

Eldre økonomisk kartverk syner at det heller aldri har vore innmarksbeite i dei områda ein no vil rydde.

Områda er store og det er naudsynt med avgrensing og tydeleg markering av kva som skal gjerast no – og kva som eventuelt må komme seinare.

Det er truleg rett å slutføre tiltaka som det alt er løyvt pengar til, før ein gjev nye løyvingar.

Tilrettelegging for oppleving av kulturlandskapet er eit prioritert tiltak, men tiltaket her gjeld tilrettelegging i eit område som er skog og utmark. Rett nok heng tiltaket saman med stiar som går gjennom gamle kulturbeiter og innmark, men i den aktuelle søknaden er ein komme vidare ut i marka.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Kanskje det er andre instansar – t.d. spelemidlar – som heller skal finansiere denne delen av tiltaket?

Kommunen har fått inn søknadar for langt meir pengar enn ein har midlar til. Ein må prioritere mellom mange gode tiltak, og ein finn då at tiltaket det her gjeld ikkje kan få tilskott.

**Vedtak:**

Med heimel i §8 i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, vert søknaden om tilskot til å tilrettelegge turstiar på gbnr.107/1 Kolås, avslege.  
Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

**Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak og søkaren kan klage over vedtaket innan tre veker frå ein fekk vite om avgjerda. Klagen skal sendast Lindås kommune, men det er fylkesmannen som er klageinstans. Klageretten er heimla i Forvaltningslova §§ 28 flg.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Morten Kolås

Kolåsvegen 132 5955

LINDÅS